

«MottakerNavn»
«Adresse»
«PostNr» «PostSted»

Trondheim, 29.02.2024

Dykkar ref.:
«Ref»

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2024/2640

Sakshandsamar:
Anders Braa

Planleggingsrammer for regionale rovviltnemnder 2024 - førebyggende og konfliktdempende tiltak (FKT) og drift

Miljødirektoratet sender med dette ut planleggingsramme for dei regionale rovviltnemndene for 2024. Midlane vert tildelte for å dekke arbeidet til rovviltnemndene med førebyggende tiltak mot rovviltskadar og konfliktdempende tiltak, samt utgifter til drift av nemndene og sekretariata. Vi ber om tilbakemelding frå sekretariata om fordeling av midlane innan 10. april 2024.

På same tid ber vi om tilbakemelding frå kvar statsforvaltar om fylkesvise behov for midlar til tilskot til kommunale og interkommunale skadefellingslag. Direktoratet vil tildele 10 mill. kroner til dette føremålet innafor FKT-ordninga i supplerande tildelingsbrev.

Midlane for 2024 er løyvd på kapittel 1420, post 21 og 73, jf. Prop. 1 S (2023 - 2024):

Tilskot til rovvilttiltak - Kap. 1420.73¹

Posten er retta mot resultatområdet Naturmangfald. Posten dekker utgifter til førebyggende og konfliktdempende tiltak i rovviltforvaltninga, inkludert godtgjering til lokale fellingslag. Løyvinga på posten kan òg nyttast til tiltak for å auke kunnskapsgrunlaget som kjem den todelte målsetjinga til gode. Foreslått løyving er 73,9 mill. kroner, ein auke på 9,1 mill. kroner. Posten er auka med 10 mill. kroner avsett til skadefelling av rovdyr gjennomført av kommunale og interkommunale skadefellingslag. Posten har samstundes fått ei prisjustering på 4,1 mill. kroner. 5 mill. kroner er omdisponerte til kap.1410, post 21, til generell styrking av kunnskapsgrunlaget innan miljø.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebygge rovviltskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggende tiltak. Vidare skal midlane nyttast til godtgjering ved forsøk på skadefelling av rovvilt, og medverke til å dempe konflikhtar og auke verdiskapinga knytt til førekomstar av rovdyr i lokalsamfunn. Det blir lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdemping med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003-

¹ Frå Prop. 1 S (2023-2024)

2004) Rovvilt i norsk natur, jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004), og rovviltforliket på Stortinget våren 2011 (jf. Representantforslag 8:163 S (2010-2011)).

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konflikhtar knytte til førekomstar av rovvilt i dei ulike rovviltregionane ved å setje i verk effektive førebyggjande og konfliktdempande tiltak.

Tildelingskriterium

Tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak blir fordelte etter gjeldande forskrifter. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte regionale rovviltnemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdempande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovviltnemnda utarbeidd ein forvaltingsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av rovvilt. Dei regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltingsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltak.

Den todelte målsettinga og målet om ei tydelegare soneforvaltning har ført til at vi har område som er beiteprioriterte, og område som er rovdyprioriterte. Tilskotsmidlane skal nyttast til å støtte opp om den todelte målsettinga, og ein må vurdere søknadane ut frå om tiltaka gjev auka eller redusert konflikt mellom rovdyp og beitedyr. I dette ligg det at ein bør vere varsam med å støtte tiltak gjennom ordninga som stimulerer til auka tal beitedyr i rovviltprioriterte område.

Oppfølging og kontroll

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane er det lagt vekt på kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar, følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidde.

Rapport 2022

I 2022 vart det behandla i alt 525 søknadar om konkrete førebyggjande tiltak, og det vart behandla 227 søknadar om tiltak for å dempe konflikhtar kring rovvilt. Det kom inn 103 søknadar om akutte tiltak, og det vart avslutta omstilling for 4 bruk som hadde opplevd vesentleg rovviltsskade i besetningane over fleire år. Tilskot til førebygging har truleg effekt for skade på og tap av sau. Reduksjonen i tap kan og henge saman med den geografiske differensieringa av rovviltførekomstar. For tamrein er det vanskeleg å finne eigna førebyggjande tiltak.

Sakshandsaming - Kap. 1420.73

Fordeling av tiltaksmidlane mellom regionane bygger på innmeldte behov frå statsforvaltarane, rapportering på bruk av midlar tidlegare år, fordeling av dei nasjonale bestandsmåla på den einskilde regionen, og ein skjønsvurdering basert på rapportar og skadehistorikk i den einskilde regionen.

Den einskilde rovviltnemnd skal med utgangspunkt i planleggingsramma fordele midlar til ulike tiltakstypar, og fordele mellom fylke der regionen omfattar fleire fylke. Midlane kan ikkje nyttast til andre føremål enn det som fell inn under framstillinga av budsjettkapittelet og -posten. Den einskilde statsforvaltar vil ta imot søknadar, vere rekneskapsførande eining, og fordele midlar innanfor den ramma nemnda sett av for kvart tiltak og fylke.

Nemnda bør setta av ein reserve for akutte tiltak i dei einskilde fylka, og må sjølv avgjere korleis denne skal disponerast. Miljødirektoratet har, etter ønske frå statsforvaltarane, likevel vald å

behalde nokre akuttmidlar sentralt for spesielle høve. Vi ber statsforvaltarane om å melde om slike behov skriftleg med ref 2024/2640.

Miljødirektoratet vil minne om at nemndene i planlegginga si må ta høgde for kostnader knytt til ordning med godtgjering ved fellingsforsøk utført av kommunale/interkommunale fellingslag. Refusjonskrav frå kommunane må dekkast av nemndene innanfor dei tildelte rammene av kap. 1420 post 73. Miljødirektoratet har ikkje halde tilbake midlar til dette føremålet.

Statsforvaltarane som tek imot midlar frå Miljødirektoratet kan ikkje overføre midlar seg imellom utan at ei slik overføring er skriftleg akseptert av Miljødirektoratet. Den einkilde statsforvaltar handsamar og tildeler midlar til brukarar innan eige fylke. Sekretariatet til rovviltnemnda skal ikkje handsame sakar på vegne av alle statsforvaltarar i regionen. På same måte må statsforvaltarar som er del av meir enn ein rovviltregion nytte midlane i den rovviltregionen der midlane er tildelt.

For alle søknadar skal handsaminga dokumenterast i søknadssenteret til direktoratet. Denne løysinga skal nyttast for heile landet ved søknad om og rapportering av brukte midlar, og løysinga er obligatorisk for alle søkarar. Dette vil også gje nemndene og statsforvaltarane betre høve til å sikre lik handsaming og gjensidig nytte av røynsler frå gjennomførte tiltak, samt innsyn i alle prosjekt.

Vi gjer merksam på at det ikkje er høve til å betale tilskot utan at det ligg føre søknad i ESS, eller at det vil bli lagt inn søknad i ESS. På tilskotspostar skal det berre betalast tilskot, og eventuell tilbakeføring av tilskotsmidlar kan dermed ikkje nyttast til tenestekjøp eller lønn/reise/drift. Eventuelle restmidlar på kap. 1420 post 73 skal rapporterast til Miljødirektoratet for eventuell tilbaketrekking.

Forvaltning av Miljødirektoratet sine tilskotsmidlar er innanfor dei faste oppgåvene for statsforvaltarembeta og skal dekkjast over kap. 525. Det er difor ikkje høve til å berekne overhead/administrative utgifter av tilskotsmidlar.

Samla løyving til føremålet er på 73,898 mill. kroner i 2024. I tillegg er midlar overført frå 2023. Av ramma vert det gjeve ei fordeling på 63,5 mill. kroner til rovviltnemndene.

Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltskader og konfliktdepende tiltak finst tilgjengeleg på Lovdata; [Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltskader og konfliktdepende tiltak - Lovdata](#)

Forskriften blei endra 21. desember 2023, mellom anna slik at den tidsavgrensa § 7 a frå 2023 blei gjort permanent. § 7 a gjev ein særskilt heimel for kommunar til å søke om tilskot til tilrettelegging for framtidige skadefellingsoppdrag i regi av kommunen. Søknadsfristen var 15. februar i år, og gjeld ulike tiltak knytt til kommunale og interkommunale skadefellingslag.

Det er sett av 10 mill. kroner til dette føremålet i 2024, utover ramma som tildelast regionane. **Vi ber kvar einskild statsforvaltar om å melde inn fylkesvise behov for tildeling av tilskot til dette føremålet i 2024 innan 10. april 2024.** Tilbakemeldinga skal sendast til postmottak@miljodir.no og merkast ref 2024/2640, og prosjekt 24099. Direktoratet vil deretter tildele midlar øyremerka til kommunale- og interkommunale skadefellingslag til kvart fylke i supplerande tildelingsbrev i slutten av april.

Det går fram av tabell 1 at ramma for 1420.73 er redusert samanlikna med 2023. Samstundes gjer vi merksam på at tildelinga til kommunale- og interkommunale skadefellingslag i nokon grad vil erstatte behovet for tilskot frå den ordinære ramma.

Tenestekjøp rovvilttiltak - Kap. 1420.21

Midlar til tenestekjøp og forskningsaktivitet i regi av direktoratet og rovviltnemndene vert tildelte over kap. 1420 post 21. Dette kan til dømes vere oppgåver knytt til forskning og utgreiing som hjelper til med utvikling og iverksetting av effektive førebyggjande tiltak, eller evaluering av effektar av igangsette tiltak. Fordeling av midlane mellom regionane bygger på innmeldte behov frå statsforvaltarane, og rapportering på bruk av midlar tidlegare år.

I samsvar med rovviltforliket i 2011, (Representantforslag 163 S (2010-2011)), er det ønskeleg å sikre ei rask og effektiv handsaming av spørsmål knytt til den daglege forvaltninga av rovvilt, medrekna svar på søknader om fellingsløyve på rovdyr, aktuelle førebyggjande tiltak osv. Rovviltnemndene bør legge til rette for å sikre vaktordningar hos statsforvaltaren som tar omsyn til dette.

Vi gjer merksam på at kap. 1420 post 21 er ein driftspost og at det på denne posten berre skal belastast utgifter til tenestekjøp, lønn, reiser og anna drift. Midlane kan dermed ikkje nyttast til utbetaling av tilskot. Rovviltnemndene vert tildelte ei ramme på 6,6 mill. kroner til slike utgifter i 2024.

Tab.1. Tildelt ramme for 2024 - Kap 1420.73 (prosjekt 08116) og 1420.21 (prosjekt 22104).

Region	Tilskot Kap. 1420.73 <i>Prosjekt 08116</i>	Tenestekjøp Kap 1420.21 <i>Prosjekt 22104</i>
1	650 000	350 000
2	2 600 000	450 000
3	4 500 000	850 000
4	4 500 000	600 000
5	14 750 000	850 000
6	13 500 000	1 500 000
7	10 000 000	500 000
8	13 000 000	1 500 000
SUM	63 500 000	6 600 000

Vi ber sekretariata informere oss om fordelinga av midlane innan eigen region innan 10. april 2024. Tilbakemeldinga skal sendast til postmottak@miljodir.no og merkast ref 2024/2640, og prosjekt 08116 og prosjekt 22104.

Midlane til tilskot og tenestekjøp vil bli tildelt den einskilde statsforvaltar i supplerande tildelingsbrev frå Miljødirektoratet i slutten av april.

Drift av nemnder og sekretariat - Kap. 1420.21

Midlar til å dekke møtegodtgjersle og reiser til nemnda, drift av sekretariatet og auka kapasitet i enkelte fylker, vil bli tildelte over kap. 1420 post 21. Totalt er det sett av 9,55 mill. kroner til dette i 2024.

Fordeling av midlane mellom regionane bygger på innmeldte behov frå statsforvaltarane, og rapportering på bruk av midlar tidlegare år. Behova er ulike, blant anna på grunn av planlagt møtefrekvens i nemndene og reiseavstandar (tab.2).

Miljødirektoratet har i tillegg tildelt 3,25 mill. kroner til videreføring av auka kapasitet ved enkelte sekretariat/statsforvaltarar i supplerande tildelingsbrev frå februar 2024 ("Styrking av saksbehandlerkapasitet rovvilt", prosjekt 22103). Dette er knytt til særlege utfordringar i einssilde fylke. Det er sett av lønnsmidlar til Statsforvaltaren i Innlandet (1 250 000,-), Statsforvaltaren i Oslo og Viken (500 000,-), Statsforvaltaren i Trøndelag (500 000,-) og Statsforvaltaren i Troms og Finnmark (1 000 000,-).

Tab.2. Tildelt ramme for 2024 - Kap 1420.21 (prosjekt 00001 og 22103).

Region	Drift av nemnder Kap 1420.21 <i>Prosjekt 00001</i>	Drift av sekretariat Kap 1420.21 <i>Prosjekt 22103</i>	Sum
1	475 000		475 000
2		550 000	550 000
3	315 000	370 000	685 000
4		600 000	600 000
5	420 000	370 000	790 000
6	1 100 000		1 100 000
7		900 000	900 000
8	1 200 000		1 200 000
SUM	3 510 000	2 790 000	6 300 000

Midlane i tab. 2 er allereie tildelt ansvarleg statsforvaltar (sekretariatet) i supplerande tildelingsbrev frå februar 2024. Ikkje alle sekretariat har skilt mellom drift av nemnder og drift av sekretariat i sin innmelding av behov, men sum av tildelt ramme tar høgde for det, og midlane kan sjåast i samanheng. Midlane til drift av sekretariatet må og sjåast i samanheng med "styrking av saksbehandlerkapasitet rovvilt".

Disse midlane er nå tildelt direkte til ansvarleg statsforvaltar, og midlar som skal brukas av andre statsforvaltarar i regionen, bør tildelast av tenestekjøp rovvilttiltak (prosjekt 22104), se tab. 1, som tildelast formelt i supplerande tildelingsbrev i april.

I rapportering på bruk av midlane ber vi om at statsforvaltar skiljer mellom midlar til drift av nemnder og drift av sekretariat. Dette gjelder og ved innmelding av behov for 2025.

Anna informasjon frå Miljødirektoratet

Revisjon av forskrift

Ei intern arbeidsgruppe i Miljødirektoratet jobbar med revisjon av dagens forskrift om tilskot til førebyggjande tiltak mot rovviltskade og konfliktdempjande tiltak (FKT). Vi har arrangert innspel-møte med statsforvaltarene hausten 2022, og med organisasjonane i Kontaktutvalet for rovvilt i januar 2023. Forslag til forskrift skal etter planen sendes på høyring ca. 15. april 2024. Planen er at revidert forskrift skal gjelde frå og med søknadsåret 2025.

Om satsar for tidleg sanking av sau og bruk av heimebeite

Miljødirektoratet har i 2023 fastsett reviderte felles nasjonale satsar for tidleg sanking av sau og bruk av heimebeite, jf *Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltskader og konfliktdepende tiltak* § 10; [Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltskader og konfliktdepende tiltak - Lovdata](#)

Rapportering

Det er statsforvaltarane sitt ansvar å sjå til at økonomistyring i staten kap. 6 "Forvaltning av tilskotsordningar" blir etterlevd, og at føringar i forskrifta som regulerer bruken av tilskot til førebyggjande og konfliktdepende tiltak og føringar gjevne i supplerande tildelingsbrev blir følgd.

Det er viktig at søknadane blir lagt rett inn i ESS. Søknadar med fleire tiltak må deles inn i tiltakstypar og rapportere bruk av tilskot for kvar tiltakstype.

Statsforvaltarane skal rapportere bruken av tilskot til førebyggjande og konfliktdepende tiltak innan 21. januar 2025 på eige tilpassa skjema til Miljødirektoratet. Vi reviderte skjema for rapportering i 2020, slik at også **bruken av 1420.21 blir rapportert, både tenestekjøp og utgifter til drift av rovviltneimndene**. På det viset blir det og tydeleg skilnad på bruken av postane 21 og 73. **Statsforvaltarar som har del i meir enn ein rovviltregion må rapportere bruken av postane 21 og 73 for kvar region i separate faner i rapporteringsskjemaet.**

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Ivar Myklebust
avdelingsdirektør

Knut Morten Vangen
seksjonsleiar

Kopi til:

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET	Postboks 8013 DEP	0030	OSLO
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
LANDBRUKSDIREKTORATET	Postboks 56	7701	STEINKJER